

Referat

STYREMØTE NR. 6 i ØIL – 19.10.2016

Møte		Referat	
Dato	Onsdag 19.10.2016 kl. 20:00	Deltakarar	Arne Lunestad / leiar Giedre Keturakiene / kassarar Rune Vik / skrivar Marit Buttingsrud/ styremedlem Åshild Bekkesletten/ 1. vara Leiv Sandven / trimgruppa
Stad	Holmatun	Forfall	Frank Kjøsnes / nestleiar Linn Beate Haugslund Ur/ styremedl. Silje Laupsa Mo/ styremedlem Lillian Kvamsøy / boccia-gruppa Ola Fjerdings/ fotballgruppa Olav Kreken/ orientering
Referent	Rune Vik	Kopi	
Neste styremøte	Etter innkalling		

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
6.1	Saker		
.1	<u>Godkjenning av førre styremøtereferat m.v.</u> Møtereferat nr. 5-2016 var ikkje tema på møtet. Innkalling og saksliste vart godkjend.	info info	styret
.2	<u>Ekstraordinært årsmøte onsdag 02.11.16 - fotballsamanslåing</u> Styret i fotballgruppa har bedt ØIL-hovudstyret om å kalle inn til ekstraordinært årsmøte, for at medlemene i laget skal ta stilling til forslag om å etabler ny fotballklubb gjennom å slå saman fotballgruppa i ØIL og Norheimsund fotballklubb. Begge fotballstyra ynskjer snarleg avklaring for å planleggje neste sesong. Hordaland fotballkrets har gitt frist for etablering av ny klubb til 11.11.2016. Saksframlegg om samanslåing av fotballgruppa til ØIL og Norheimsund fotballklubb til felles klubb utarbeidd av arbeidsgruppa, vart presentert / gjennomgått. <ul style="list-style-type: none"> • Barnefotballarbeidet skal framleis skje lokalt i bygdene. • Ei samanslåing vil truleg gje eit betre fotballtilbod for dei aldersbestemte laga som har starta med 11-ar fotball. Fullverdige juniorlag kan etablerast. • På seniornivå vil ein ny klubb ha eit A og eit B-lag, mot fire seniorlag i dag. • Realiteten for ØIL er at ei samanslåing vil kunne redusere medlemsmassen i laget med om lag 80 %. 	info	

	<p>Hovudstyret støttar forslaget om at medlemene må få ta stilling til forslaget om fotballsamanslåing.</p> <p>Vedtak - einstemmig: <i>Styret i Øystese idrettslag (ØIL) vedtek at det skal kallast inn til ekstraordinært årsmøte onsdag 02.11.2016 kl 20:00. Saksframlegget skal gjerast offentleg seinast 21.10.2016. Styret foreslår Torgeir Magnar Børve til møteleiar for ekstraordinært årsmøte.</i></p>		styret
.3	<p><u>Holmatun</u></p> <p>Styringsgruppa for oppløysing av Holmatuen (org.nr. 911 765 985) skal ha møte 27. oktober 2016.</p> <p>I møtet skal det gjerast vedtak om sal av Holmatun, til Holmatun eigedom AS representert v/ AK Teigland.</p> <p>Rune Vik representerer ØIL på møtet.</p>	info	Rune V.
6.2	Fotballgruppa		
6.3	Friidrett/trimgruppa		
6.4	HC-gruppa		
6.5	Symjegruppa		
6.6	Hoppgruppa		
6.7	Orientering		
6.8	Økonomi		
6.9	Eventuelt		
2.1.4	<p>Styresaker frå 2016 under oppfølging</p> <p><u>Øystese-trimmen og utvikling av arrangementet</u></p> <p>Konkurransedelen av trimmen har dei seinare år hatt lita deltaking. For å få litt meir fart i arrangementet må det gjerast grep.</p> <p>Forslag til utviklingsgruppe: - Torild Kveberg - Marit Buttingsrud - Olav Kreken - Reidun Braut Kjosås</p> <p>Utfordringar: - Sjå på innhaldet i Øystesetrimmen. - Sjå på konkurransar/aktivitetar for ulike aldersgrupper. - Organisering, utstyrbehov, og marknadsføring.</p> <p>I første omgang må ambisjonen vere å gjere arrangementet meir spanande/attraktivt i forhold til notid/2016. Målgruppe: Deltakarar frå Øystese og Norheimsund/Kvam.</p>	info	styret

	Olav tek kontakt om oppstartmøte.		Olav Kreken
	Styresaker frå 2015 under oppfølging	info	styret
1.1.2	<u>Webprofil for ØIL i sosiale medier</u>		
	Gammal/utdatert ØIL-heimeside må fjernast. Vidar T. har snakka med Jan Tjosaas (IKTAL) som i si tid stod som administrator for heimesida.		
	Styresaker frå 2014 under oppfølging	info	styret
3.1.7	<u>Øystese idrettslag (ØIL) – vegen vidare</u>		
	Utover fotballen i ØIL er aktiviteten i dei ulike gruppene relativt låg. Allidrett for born opp til 10 år drive av Leif og Åshild i vinterhalvåret, er kanskje det viktigaste bidraget. Elles har laget Øystesetrimmen m/ open hall-arrangement, Torefjellstrimmen som del av ”Kom deg ut dagen” og idrettsmerkeprøve.		
	ØIL er også ein aktør i samfunnsdebatten ved at styre har kome med innspel til kommuneplan og barnehageplan, m.v. Vidare har ØIL støtta ulike føremål i andre lag som kunne generere fysisk aktivitet.		
	Samtidig har idrettslaget ansvar for hoppbakken i Myrane, og forvaltar ein formue på ca. ½ mill kr.		
	Vedtak: ØIL-styret startar eit arbeid med å sjå på kva rolle ØIL kan spela i tida framover (tidshorisont). Er det bruk for eit allidrettslag i Øystese ?		
	Tidlegare styresaker frå 2012 under oppfølging		
	<u>Rydding i og sanning av ØIL-historikk/arkivmateriale</u>	info	styret
4.1.9	Protokollar m.v. står på ein pall på Fruktlageret. Sjekk med Kvam herad om innlevering av historisk materiale.		

Rune Vik/ skrifvar